

Til naboar og høyringsinstansar

Søfteland 30 november 2020

Nabovarsel til reguleringsplan Vågshaugen sørvest, Gnr. 48, Bnr. 12. Søknad om endring av reguleringsplan etter forenkla prosess i samsvar med pbl § 12-14

I samsvar med plan- og bygningslova §12-14 vert det med dette varsla at THH AS har utarbeidd framlegg til en mindre endring av reguleringsplan for Vågshaugen sørvest, Gnr. 48, Bnr. 12. Akons AS er plankonsulent.

Reguleringsplan for Vågshaugen sørvest var godkjent 14.11.2006. Planen inneheldt den gang 6 nye bustadtomter, 3 av desse var med leilegheit. Totalt 9 bustadar.

Viktigaste endring er at ein har flytta bustadene litt mot nord, og at ein no opnar for 9 mindre einestader, men utan moglegheit for leilegheit. Veg har fått betre stigning. Fellesareal er økt. Ein har opprettheldt moglegheit for gjennomgang for turgåar. Tal på bustader er uendra.

Vedlagt er forslag til nytt plankart og føresegn. Søknad om endring med vedlegg er og å finne på akons.no

På grunn av coronaviruset vert det ikkje noko informasjonsmøte om endringane. Er det spørsmål til planframlegget er de velkomne til å ta kontakt med underteikna på tlf. 980 98 397 eller med e-post til even@akons.no

Innspel eller merknader til planarbeidet sendast til:

Akons AS, pb. 21, 5207 Søfteland, eller som e-post til: even@akons.no

Alle innspel og merknader vil følge planforslaget når det leverast til kommunen.

FRIST FOR MERKNADER ER: 30.12.2020

Med venleg helsing



Even Akerø, Dagleg leiar Akons AS

